

VOFO Sogn og Fjordane

Boks 40

6801 Førde

Førde, 17. september 2014

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Opplæringsavdelinga

Konsekvensar for Vaksenopplæringsforbundet og kursaktiviteten for vaksne i Sogn og Fjordane.

Viser til epost.

Bortfall av midlar vil ha som konsekvens at 40% stilling som regionkonsulent i VOFO ikkje kan oppretthaldast i Sogn og Fjordane.

Regionkonsulenten er dagleg leiar av VOFO sitt kontor og har det administrativt ansvar for verksemda.

Stillinga inneber service og medlemspleie ovanfor sju studieforbund. Studieforbunda er viktige for at kursaktivitet i fylket skal ha nødvendig fokus, og kan utvikle seg i pakt med tida og nye behov. I Sogn og Fjordane har det vore krevjande å oppretthalde studieforbund med eige styre i fylket, og AOF og Studieforbundet Folkeuniversitet har ikkje eige styre lokalt, og har deler av administrasjonen i Hordaland. Forbund som K-stud og Funkis har utfordringar med å oppretthalde aktiviteten i fylket, og Vaksenopplæringsforbundet har fokus på å arbeide opp mot desse forbunda for å bevare den lokale tilknytninga.

Den årlege statistikk frå SSB for 2013 syner ein nedgang i kursaktiviteten i fylket, spesielt innan språkfag er det liten aktivitet, då berre 16 personar var på språkkurs i 2013. Ein av grunnane til dette kan vere at fokus på utdanning i Sogn og Fjordane forsvinn når studieforbunda ikkje har eige lokalt styre i fylket. Av statistikken ser vi at i Hordaland var 0,5 % på språkkurs i 2013, mot 0,01 % i Sogn og Fjordane. Vofo har planlagt eit prosjekt saman med studieforbund og andre, for å kartlegge kva som er behov og sette fokus på emne. Dette prosjektet kan ikkje setjast i gang utan støtte frå fylkeskommunen.

Koordinering av læringsdagar og felles møteplass for studieforbund og kursarrangørar har vore eit fast arrangement dei siste år. Her samlar vi aktørar som har kursaktivitet for vaksne. Målet er å utvikle samarbeid og motivere til auka kursaktivitet. Utan regionkonsulent vil det ikkje vere praktisk mulig å gjennomføre eit slikt arrangement.

VOFO er studieforbunda sitt kontaktpunkt ovanfor aktørar i fylket som bibliotek, kommunale og fylkeskommunale aktørar. Gjennom samlingar og arrangement sentralt har vi kontakt med VOFO sentralt og organisasjonar som VOX, og sentrale studieforbund. Det vil ikkje lenger vere mulig å representere fylket og gjennomføre interessepolitisk arbeid og informasjon for sentrale studieforbund og andre instansar.

Mange kursarrangørar har utfordringar med å få nok deltaking på sine kurs, og det er krevjande for mange å drive eigen marknadsføring. VOFO ynskjer å vere ein aktør for å samle denne informasjon, og dermed få til ein felles digital kurskatalog. Dette er tatt inn i handlingsplanar for kommande år.

Samandrag konsekvensar:

- VOFO Sogn og Fjordane blir nedlagt.
- Felles møteplass blir nedlagt.
- Prosjekt for språk og inkludering blir ikkje igangsatt.
- Kursaktivitet stagnerer
- Frivillige misser samarbeidsfora og motivasjonssamling.
- Vaksne i fylket får redusert kurstilbod lokalt.
- Sogn og Fjordane forsvinn som aktør i vaksenopplæringa i sentrale fora.
- Med ein eventuell reduksjon i støtta med 10% vil vi kunne fortsette drifta av organisasjonen med ein mindre stillingsprosent.

Med vennleg helsing

VOFO Sogn og Fjordane

Synøve L. Vadøy

-styreleiar-

Britt Tjønneland
VOFO Sogn og Fjordane
- Regionkonsulent -